

## MØTEBOK FOR REPRESENTANTSKAPET I VØR

Det vart halde møte i representantskapet i VØR Tysdag 21.05.19 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 16.00. Møtet slutta kl. 18.30.

Desse møtte:

Jan Henning Egset, Jostein O. Mo, Oddmund Arne Torvik, Pauline Vartdal Vinjevoll, Toril Hasfjord og Hild Våge. Aslaug Marit Øyehaug melde forfall, og for Øyehaug møtte vara Kari Aamaas. Bjørn Helset møtte ikkje.

Ingen møtte på vegne av styret. Petter Bjørdal møtte på vegne av administrasjonen og førte møteboka.

Leiar Jan Henning Egset leia møtet.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjende.

Arne Torvik og Hild Våge vart valt til å skrive under møteboka saman med leiar.

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

### **Rep.sak 01-19:           Dagleg leiar sin rapport**

Vedtak 7 røysteføre:

Representantskapet tar dagleg leiar sin rapport til orientering

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

### **Rep.sak 02-19:           Resultat mot budsjett 2018.**

Vedtak 7 røysteføre:

Representantskapet tek saksutgreiinga til vitande.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

### **Rep.sak 03-19. Eigarskapsmelding, Årsmelding og rekneskap 2018**

Vedtak 7 røysteføre:

Representantskapet godkjenner eigarskapsmelding, årsmelding og rekneskap for 2018 slik den ligg føre.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

### **Rep.sak 04-19 Revisjon av selskapsavtalen til VØR – oppretting av valnemnd.**

Vedtak 7 røysteføre:

1. Representantskapet rår Volda og Ørsta kommunar til å gjere slik endring av selskapsavtalen sin § 7. Representantskapet sine oppgåver og møte. Nytt punkt:  
Velje valnemnd på tre representantar.
2. Representantskapet vedtek slik instruks til valnemnda:  
Ved val av styremedlemer skal valnemnda med sine forslag og representantskapet i sitt styreval ta omsyn til selskapet sitt behov for politisk forankring, lokalkunnskap, røynsle i styrearbeid, og kompetanse innanfor fleire relevante fagområde som miljøfag, informasjon, økonomi, jus og liknande.

Handsaminga

Samrøystes vedteke etter at Hild Våge trekte sitt forslag.

Det vart helde prøverøysting der Jan Henning sitt forslag fekk fire røyster.

1. Representantskapet rår Volda og Ørsta kommunar til å gjere slik endring av selskapsavtalen sin § 7. Representantskapet sine oppgåver og møte. Nytt punkt:  
Velje valnemnd på tre representantar.
2. Representantskapet vedtek slik instruks til valnemnda:  
Ved val av styremedlemer skal valnemnda med sine forslag og representantskapet i sitt styreval ta omsyn til selskapet sitt behov for politisk forankring, lokalkunnskap, røynsle i styrearbeid, og kompetanse innanfor fleire relevante fagområde som miljøfag, informasjon, økonomi, jus og liknande.

Hild Våge sitt forslag fekk tre røyster

1. Representantskapet rår Volda og Ørsta kommunar til å gjere slik endring av selskapsavtalen sin § 7. Representantskapet sine oppgåver og møte. Nytt punkt:  
Velje valnemnd på tre representantar.
2. Representantskapet vedtek slik instruks til valnemnda:  
Ved val av styremedlemer skal valnemnda med sine forslag og representantskapet i sitt styreval ta omsyn til selskapet sitt behov for lokalkunnskap, røynsle i styrearbeid, og kompetanse innanfor fleire relevante fagområde som miljøfag, informasjon, økonomi, jus og liknande.
3. Tal eigaroppnemnde vert auka til 6, der kvar kommune peikar ut ein styrerepresentant.

Ingen røysta for adm. sitt forslag i prøverøystinga

1. Representantskapet rår Volda og Ørsta kommunar til å gjere slik endring av selskapsavtalen sin § 7. Representantskapet sine oppgåver og møte. Nytt punkt:  
Velje valnemnd på tre representantar.
2. Representantskapet vedtek slik instruks til valnemnda:  
Ved val av styremedlemer skal valnemnda med sine forslag og representantskapet i sitt styreval ta omsyn til selskapet sitt behov for lokalkunnskap, røynsle i styrearbeid, og kompetanse innanfor fleire relevante fagområde som miljøfag, informasjon, økonomi, jus og liknande.

## **Rep.sak 05-19: Referatsaker**

Vedtak 7 røysteføre

Representantskapet tar referatsakene til orientering

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Disse referatsakene vart lagt fram på møtet:


- Brev frå Miljødirektoratet av 23.11.18 vedk. klage på Løyve.
- Brev frå KS bedrift av 01.03.18 vedk. ny selskapsavtale
- Brev frå Fylkesmannen av 05.03.19 vedk. endra Løyve.


Rett utskrift 21.05.17

  
Jan Henning Egset

Leiar

  
Hild Våge

  
Arne Oddmund Torvik

  
Petter Bjørdal  
Referent